

Hilde Nesse Tyssøy

Forskar/gruppeleiar ved Birkelandsenteret for romfysikk, Institutt for fysikk og teknologi (IFT)



Eg stiller til val for instituttrådet ved IFT 2021-2022 for gruppe A.

Eg har tidlegare erfaring i instituttrådet ved IFT som representant for gruppe B.

Eg forskar på kva som skjer når energirike partiklar kolliderer med atmosfæren vår. Forskingstemaet kryssar såleis dei tradisjonelle grensene til romfysikk og krev kompetanse innan atmosfæredynamikk og klimaforsking.

Eg tok hovudoppgåve i romfysikk ved IFT i 2004. PhD-graden gjennomførte eg ved Forsvarets forskningsinstitutt i samarbeid med UiB i 2008. Fram til 2013 arbeidde eg som førsteamanuensis ved

Sjøkrigsskolen samstundes som eg hadde ei 20 % stilling ved IFT. Eg var midlertidig tilsett ved IFT fram til 2018 då stillinga mi vart gjort om til fast. Eg har såleis god kjennskap til instituttet sett frå ulike ståstadar.

Som representant ved instituttrådet vil eg arbeida for at me skal få større innverknad på vår eigen arbeidskvardag, god informasjonsflyt, samt opne gjennomsiktlige prosessar.